


# TINE Råvare


## Landsprognose for leveranse av kumjøl

mill. ltr



mill. ltr

Leveranse og prognose per år



Prognose desember 2017

**INNHALD**

<i>Meierileveranse av kumjøl</i>	2
<i>Kvoter og kvotefylling</i>	2
<i>Prognose for leveranse av kumjøl</i>	3
<i>Prognose for leveranse av økologisk mjøl</i>	4
<i>Prognoseendringar 2017</i>	5
<i>Prognose for feitt</i>	6
<i>Prognose for protein</i>	8
<i>Utvikling i kotal og kalvingar</i>	9
<i>Slakting</i>	10
<i>Mjølkekyr</i>	11
<i>Avdrått</i>	13

Alle raude tal i tabellane er prognosetal, medan faktiske tal er svarte. I grafane er prognosetala markert med stripla linjer og faktiske tal med heiltrekte linjer i ulike fargar for kvart år.



## Meierileveranse av kumjøl

Leveranse kumjøl, mill. liter

	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2014		Endring 2015		Endring 2016		Endring 2017	
						mill. ltr	%	mill. ltr	%	mill. ltr	%	mill. ltr	%
Jan	140.2	135.5	140.3	138.8	136.9	-4.8	-3.4 %	4.8	3.5 %	-1.5	-1.1 %	-1.9	-1.3 %
Febr	125.4	121.7	127.4	132.3	125.4	-3.7	-2.9 %	5.7	4.7 %	4.9	3.8 %	-6.9	-5.2 %
Mars	137.8	135.2	141.8	142.4	139.3	-2.6	-1.9 %	6.6	4.9 %	0.6	0.4 %	-3.0	-2.1 %
Apr	137.5	133.4	136.9	137.2	134.4	-4.2	-3.0 %	3.5	2.6 %	0.3	0.2 %	-2.8	-2.0 %
Mai	138.8	135.9	136.5	138.5	137.8	-2.8	-2.0 %	0.6	0.4 %	2.0	1.4 %	-0.7	-0.5 %
Jun	124.1	122.8	126.0	124.4	122.9	-1.4	-1.1 %	3.2	2.6 %	-1.6	-1.3 %	-1.5	-1.2 %
Jul	118.3	116.8	118.0	115.4	114.2	-1.5	-1.3 %	1.2	1.0 %	-2.6	-2.2 %	-1.2	-1.0 %
Aug	113.9	111.5	113.4	112.3	110.7	-2.4	-2.1 %	1.9	1.7 %	-1.1	-1.0 %	-1.6	-1.5 %
Sept	111.2	112.8	113.2	110.5	108.2	1.6	1.5 %	0.4	0.3 %	-2.7	-2.4 %	-2.3	-2.0 %
Okt	121.6	121.6	122.2	118.8	117.6	-0.0	0.0 %	0.5	0.4 %	-3.4	-2.7 %	-1.2	-1.0 %
Nov	123.4	124.3	125.1	121.5	119.8	0.9	0.7 %	0.8	0.6 %	-3.6	-2.9 %	-1.7	-1.4 %
Des	132.6	137.7	135.5	130.8		5.1	3.8 %	-2.2	-1.6 %	-4.7	-3.5 %		
<b>Sum</b>	<b>1 525.0</b>	<b>1 509.2</b>	<b>1 536.2</b>	<b>1 522.8</b>		<b>-15.8</b>	<b>-1.0 %</b>	<b>27.1</b>	<b>1.8 %</b>	<b>-13.5</b>	<b>-0.9 %</b>		
<b>Sum pr. 1.des</b>	<b>1 392.3</b>	<b>1 371.5</b>	<b>1 400.7</b>	<b>1 392.0</b>	<b>1 367.2</b>	<b>-20.9</b>	<b>-1.5 %</b>	<b>29.2</b>	<b>2.1 %</b>	<b>-8.7</b>	<b>-0.6 %</b>	<b>-24.7</b>	<b>-1.8 %</b>

I oktober og november vart leveransane 117,6 og 119,8 mill. liter, ein nedgang på respektive 1,0- og 1,4 % frå året før. Dette er eit avvik i forhold til siste prognosa på 0,5- og 0,7 %. Hittil i år er nedgangen på 24,7 mill. liter eller 1,8 % i forhold til året før. Korrigert for skottårsdagen i 2016 er nedgangen hittil i år på 20,2 mill. liter, eller 1,5 %. Meierileveransen for 2016 var på 1522,8 mill. liter, ein reduksjon på 13,5 mill. liter (0,9 %) frå året før.

## Kvoter og kvotefylling

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Ant. eigedomar	14 423	13 982	13 686	13 488	13 246	13 040	
Ant. foretak	10 284	9 824	9 464	9 131	8 815	8 581	
Aktiv grunnkvote, mill. ltr	1 628	1 625	1 624	1 629	1 632	1 635	
Forholdstall	7 %	3 %	3 %	3 %	0 %	-2 %	-2 %
Disponibel kvote, mill. ltr	1 742	1 674	1 687	1 678	1 632	1 603	1 603
Snitt disp. kvote, ltr	169 386	170 396	178 307	183 741	185 192	186 788	
Produksjon, mill. ltr	1 533	1 517	1 509	1 536	1 523	1 496	1 493
Kvotefylling	88.0 %	90.6 %	89.4 %	91.6 %	93.3 %	93.3 %	93.1 %

Kvotåret 2012 og 2013 er frå 1.3 - 28/29.2. Frå og med 2014 er kvotåret 1.1. - 31.12.

Kilde: Landbruksdirektoratet

Produksjonstaket er 900 000 liter. Føretak med historisk kvote over 900 000 liter får oppretthalde denne. I 2017 var det 250 produsentar som selde totalt 21,0 mill. liter. Dette er 48 produsentar færre enn i 2016, og det er omsett 4,7 mill. liter mindre enn året før.



## Prognose for leveranse av kumjøl


	Mill. liter						Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	140,2	135,5	140,3	138,8	136,9	136	-3,4 %	3,5 %	-1,1 %	-1,3 %	-0,7 %
Febr	125,4	121,7	127,4	132,3	125,4	124	-2,9 %	4,7 %	3,8 %	-5,2 %	-1,1 %
Mars	137,8	135,2	141,8	142,4	139,3	138	-1,9 %	4,9 %	0,4 %	-2,1 %	-0,9 %
Apr	137,5	133,4	136,9	137,2	134,4	133	-3,0 %	2,6 %	0,2 %	-2,0 %	-1,0 %
Mai	138,8	135,9	136,5	138,5	137,8	137	-2,0 %	0,4 %	1,4 %	-0,5 %	-0,6 %
Jun	124,1	122,8	126,0	124,4	122,9	123	-1,1 %	2,6 %	-1,3 %	-1,2 %	0,1 %
Jul	118,3	116,8	118,0	115,4	114,2	114	-1,3 %	1,0 %	-2,2 %	-1,0 %	-0,2 %
Aug	113,9	111,5	113,4	112,3	110,7	111	-2,1 %	1,7 %	-1,0 %	-1,5 %	0,3 %
Sept	111,2	112,8	113,2	110,5	108,2	109	1,5 %	0,3 %	-2,4 %	-2,0 %	0,7 %
Okt	121,6	121,6	122,2	118,8	117,6	118	0,0 %	0,4 %	-2,7 %	-1,0 %	0,3 %
Nov	123,4	124,3	125,1	121,5	119,8	120	0,7 %	0,6 %	-2,9 %	-1,4 %	0,2 %
Des	132,6	137,7	135,5	130,8	129	130	3,8 %	-1,6 %	-3,5 %	-1,4 %	0,8 %
<b>Sum</b>	<b>1 525</b>	<b>1 509</b>	<b>1 536</b>	<b>1 523</b>	<b>1 496</b>	<b>1 493</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>1,8 %</b>	<b>-0,9 %</b>	<b>-1,7 %</b>	<b>-0,2 %</b>

Leveransen i oktober og november gav eit avvik i forhold til prognosa på 0,6 (0,5 %)- og 0,8 (0,7 %) mill. liter. Endring av telledatoane (2016: 1.januar, 1.aug; 2017: 1.januar, 1.mai, 1.oktober) gir utfordringar i tilpassing av tal slakta dyr, og avvika skuldast først og fremst at det var lagt inn for mange dyr i prognosa. Avdråttsauken var forutsett + 0,3 %, men den har også gått ned i haust i forhold til i fjor. Prognosa er no på 1496 mill. liter. Dette er ein reduksjon på 1,7 % frå 2016 og vil gi ei kvotefylling på 93,3 %.

Forholdstalet for kvote blir ståande på 0,98 også for 2018. Avdråtten i vinter er ikkje forventa å auke slik som ved førre prognose, men er heller ikkje satt ned sjølv om det har vore lågare avdrått i haust enn hausten 2016. Det er satt ein auke i avdråtten i mai/juni på 0,3 % og 0,5 % hausten 2018. Det er færre mjølkekyr, og det ligg an til færre insemineringar og kalvingar enn i 2017, samt færre slaktingar. På grunn av omlegging av søknadsfristen for produksjonstillegg frå 1.januar til 1.mars 2018 er det lagt til grunn lågare slakting på starten av året. Prognosa for 2018 er berekna til 1493 mill. liter. Leveransane er forventa vil ligge mellom 1486 og 1500 med eit avvik på +/- 0,5 %.



## Prognose for leveranse av økologisk mjølk



	Mill. liter				Endring frå forrige år		
	2015	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Jan	4,42	4,49	4,53	4,5	1,6 %	0,8 %	-0,6 %
Febr	4,04	4,26	4,11	4,1	5,4 %	-3,7 %	-0,2 %
Mars	4,37	4,68	4,50	4,5	6,9 %	-3,7 %	-0,1 %
Apr	4,23	4,39	4,41	4,4	3,6 %	0,6 %	-0,3 %
Mai	4,40	4,59	4,60	4,6	4,3 %	0,2 %	0,0 %
Jun	4,21	4,10	4,27	4,3	-2,6 %	4,2 %	0,7 %
Jul	4,04	3,91	4,10	4,1	-3,2 %	4,9 %	0,1 %
Aug	3,94	3,92	4,08	4,1	-0,3 %	4,0 %	0,5 %
Sept	3,87	3,81	3,76	3,8	-1,6 %	-1,4 %	1,1 %
Okt	3,93	3,94	3,91	3,9	0,3 %	-0,8 %	-0,3 %
Nov	3,98	3,97	3,86	3,9	-0,2 %	-2,9 %	1,1 %
Des	4,30	4,30	4,3	4,3	0,0 %	0,1 %	0,0 %
<b>Sum</b>	<b>49,7</b>	<b>50,4</b>	<b>50,4</b>	<b>50,5</b>	<b>1,3 %</b>	<b>0,1 %</b>	<b>0,2 %</b>
<b>Akk.nov.</b>	<b>45,4</b>	<b>46,1</b>	<b>46,1</b>	<b>46,2</b>	<b>1,4 %</b>	<b>0,1 %</b>	<b>0,2 %</b>

Prognosa for økologisk mjølk er basert på fjorårstal. Leveransen for oktober og november vart 0,8- og 2,9 % lågare enn i 2016. Det er forutsett omtrent same leveransen for desember som i fjor. Det vil gi ei prognose for 2017 på 50,4 mill. liter. Tal for 2018 er forutsett uendra behov og satt omtrent lik 2017.



## Prognoseendringar 2017, mill. liter

	Prognosetidspunkt							Leveranse	Avvik *)	
	des.16	mar.17	mai.17	jun.17	aug.17	okt.17	des.17		ltr	%
jan.17	137							136,9	-0,6	-0,4 %
feb.17	126							125,4	-0,4	-0,3 %
mar.17	141	141						139,3	-1,8	-1,3 %
apr.17	137	136						134,4	-2,1	-1,6 %
mai.17	137	138	136					137,8	0,4	0,3 %
jun.17	123	123	122	123				122,9	0,4	0,3 %
jul.17	115	115	115	116				114,2	-0,5	-0,4 %
aug.17	111	111	111	111	111			110,7	-0,4	-0,4 %
sep.17	112	112	112	110	110			108,2	-3,9	-3,5 %
okt.17	120	120	120	118	118	117		117,6	-2,4	-2,0 %
nov.17	122	121	122	121	120	119		119,8	-1,9	-1,5 %
des.17	130	129	130	129	129	128	129			
Akk. Nov.	1 381							1 367,2	-13,4	-1,0 %
Året 2017	1 510	1 507	1 502	1 502	1 499	1 494	1 496	*) Avvik er diff. mellom levert og prognose per des. 2016		

Hittil i år er det levert 13,4 mill. liter under prognosa før starten av året. Dette er eit avvik på 1,0 %.


Prognose-tidspunkt	Mill. ltr	Endringar	Kommentar	Årsak til endring
des.16	1 510		Prognose etter reduert forholdstal (1,00 ->0,98)	
mar.17	1 507			Litt høgare avdrått og litt lågare dyretal enn forrige prognose
mai.17	1 502		Auka slakting i starten på året og jamna ut noko av venta effektar etter endra søknadsdatoar for produksjonstillegg	Lågare dyretal enn siste prognosa
jun.17	1 502		Lagt inn slakt frå KK-data, heva avdrått for 2018 til 0,8 % i forhold til 2017. Vanskeleg å tilpasse slaktedata	
aug.17	1 499			
okt.17	1 494		Dårleg fôrår	Lågare avdrått enn forrige prognose



## Prognose feittprosent

Tal for feitt og protein frå Q-meieria er inkludert frå og med januar 2016. På grunn av lite volum har det stort sett liten verknad på gjennomsnittstala, bortsett frå i sommarmånadene (mai-aug) då forskjellane på stoffleg innhald mellom TINE og Q er relativt store (lågare hos Q). Det har gitt utslag med ca. 1/100.

							Endringar frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	4.19	4.16	4.22	4.28	4.24	4.25	-0.8 %	1.6 %	1.5 %	-1.0 %	0.2 %
Febr	4.22	4.15	4.24	4.27	4.26	4.25	-1.6 %	2.0 %	0.9 %	-0.3 %	-0.2 %
Mars	4.23	4.16	4.22	4.30	4.29	4.27	-1.6 %	1.3 %	2.0 %	-0.3 %	-0.5 %
Apr	4.24	4.19	4.27	4.29	4.29	4.26	-1.2 %	2.0 %	0.5 %	0.0 %	-0.7 %
Mai	4.19	4.17	4.26	4.28	4.27	4.25	-0.6 %	2.1 %	0.5 %	-0.2 %	-0.5 %
Jun	4.17	4.14	4.26	4.24	4.22	4.21	-0.8 %	2.7 %	-0.4 %	-0.5 %	-0.2 %
Jul	4.17	4.10	4.21	4.20	4.22	4.18	-1.7 %	2.9 %	-0.3 %	0.5 %	-0.9 %
Aug	4.11	4.07	4.18	4.18	4.19	4.17	-1.0 %	2.5 %	0.1 %	0.2 %	-0.5 %
Sept	4.16	4.18	4.21	4.23	4.24	4.21	0.4 %	0.9 %	0.4 %	0.2 %	-0.7 %
Okt	4.22	4.23	4.28	4.32	4.27	4.25	0.4 %	1.2 %	0.8 %	-1.2 %	-0.5 %
Nov	4.21	4.23	4.27	4.33	4.28	4.26	0.6 %	0.9 %	1.4 %	-1.2 %	-0.5 %
Des	4.17	4.23	4.26	4.26	4.27	4.25	1.4 %	0.9 %	-0.1 %	0.2 %	-0.5 %
Gj.snitt	4.19	4.17	4.24	4.27	4.25	4.24	-0.5 %	1.7 %	0.6 %	-0.4 %	-0.2 %
1. kv	4.21	4.16	4.23	4.29	4.26	4.26	-1.3 %	1.6 %	1.4 %	-0.5 %	-0.2 %
2. kv	4.20	4.17	4.26	4.27	4.26	4.24	-0.9 %	2.3 %	0.2 %	-0.2 %	-0.5 %
3. kv	4.15	4.12	4.20	4.20	4.22	4.19	-0.8 %	2.1 %	0.0 %	0.3 %	-0.7 %
4. kv	4.20	4.23	4.27	4.30	4.27	4.25	0.8 %	1.0 %	0.7 %	-0.7 %	-0.5 %



Feittprosenten for oktober enda på 4,27 og vart difor 0,02 %-einingar lågare enn i førre prognose, medan prognosa for november trefte med verdien på 4,28 %. Talet for gjennomsnittleg feittprosent for



året er for 2017 og 2018 vekta mot månadsleveransen. Dette gjer at snittet aukar med ca. 0,002 og at veid snitt for 2018 vert 4,24. For tidlegare år er det aritmetisk middel, slik det har vore i føregående prognoser. Gjennomsnitt for 2017 er dermed berekna til 4,25 som er 0,02 %-einingar (0,3 %) ned i forhold til 2016. På grunn av dårleg grovfôrår og auke i kraftfôrforbruket i haust og vinter er det forventa at feittprosenten vil vere lågare for 2018 enn for 2017. I tillegg er det venta endringar i kraftfôrblandingane som skal gi mindre metta feitt i mjølka, og det vil kunne påverke feittprosenten negativt. Prognosa for 2018 er ikkje endra vesentleg sidan førre prognosa, men kurva er glatta litt ut. For 2018 er feitt% berekna til 4,24 % i gjennomsnitt for året, med ein sannsynleg variasjon mellom 4,22 og 4,26 %.

Grovfôravlingane så langt tyder på eit år med svært varierende kvalitet. I store delar av landet, men først og fremst langs kysten frå Sogn og Fjordane til Rogaland, har mykje nedbør ført til utsett hausting og tap av avlingar, særleg på 2.slåtten men også 1.slåtten. Det er rekna med at det blir ein del omsetning av fôr i disse områda. Avlingane er også varierende elles i landet, men kvaliteten i forhold til resultat på innsendte fôranalyser er jamt over bra. På grunn av mykje regn rundt både 1.- og 2.slåtten har det gitt dårlege forhold for hausting og fortørking av graset. Låg tørrstoff i fôret kan gi utfordring med gjæringskvaliteten, og dermed for fôropptaket. Mykje regn kan også ha redusert sukkerinnhaldet i graset, som har betydning for feittprosenten. Det er dermed forventa høgt forbruk av kraftfôr for å kompensere låg energiverdi og opptak av grovfôret. Det forventar vi vil gi redusert feittprosent. Auka fokus på feittsyremønster og bruk av norsk kraftfôr kan også gi utslag i redusert feittprosent.






## Prognose proteinprosent

Tal frå Q-meieria er med frå og med januar 2016, men på grunn av lite volum har det liten verknad på gjennomsnittstala. Proteinprosenten for mai 2017 er utan tala frå Q-meieria.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	3,36	3,37	3,42	3,41	3,38	3,39	0,4 %	1,4 %	-0,3 %	-0,9 %	0,3 %
Febr	3,35	3,36	3,41	3,41	3,39	3,40	0,3 %	1,5 %	-0,1 %	-0,6 %	0,3 %
Mars	3,35	3,38	3,42	3,43	3,40	3,41	1,0 %	1,0 %	0,3 %	-0,9 %	0,3 %
Apr	3,36	3,42	3,42	3,43	3,42	3,43	1,9 %	0,0 %	0,3 %	-0,3 %	0,3 %
Mai	3,32	3,40	3,43	3,42	3,40	3,42	2,4 %	1,0 %	-0,4 %	-0,6 %	0,6 %
Jun	3,33	3,38	3,44	3,40	3,40	3,41	1,5 %	1,8 %	-1,2 %	0,0 %	0,3 %
Jul	3,34	3,37	3,42	3,37	3,37	3,40	1,0 %	1,6 %	-1,6 %	0,0 %	0,9 %
Aug	3,37	3,36	3,44	3,41	3,39	3,41	-0,4 %	2,2 %	-0,7 %	-0,6 %	0,6 %
Sept	3,41	3,48	3,47	3,44	3,43	3,44	1,9 %	-0,3 %	-0,7 %	-0,3 %	0,3 %
Okt	3,41	3,46	3,46	3,47	3,42	3,45	1,3 %	0,2 %	0,2 %	-1,4 %	0,9 %
Nov	3,39	3,44	3,43	3,45	3,41	3,43	1,4 %	-0,2 %	0,5 %	-1,2 %	0,6 %
Des	3,38	3,42	3,41	3,41	3,40	3,41	1,2 %	-0,3 %	0,0 %	-0,3 %	0,3 %
Gj.snitt	3,36	3,40	3,43	3,42	3,40	3,42	1,2 %	0,8 %	-0,3 %	-0,6 %	0,5 %
1. kv	3,35	3,37	3,42	3,42	3,39	3,40	0,6 %	1,3 %	0,0 %	-0,8 %	0,3 %
2. kv	3,34	3,40	3,43	3,42	3,41	3,42	1,9 %	0,9 %	-0,4 %	-0,3 %	0,4 %
3. kv	3,37	3,40	3,44	3,41	3,40	3,42	0,9 %	1,2 %	-1,0 %	-0,3 %	0,6 %
4. kv	3,39	3,44	3,44	3,44	3,41	3,43	1,3 %	-0,1 %	0,2 %	-1,0 %	0,6 %



Proteinprosenten for oktober og november vart på 3,42- og 3,41 %, og dette er 0,05- og 0,04 %-einingar eller 1,4- og 1,2 % lågare enn i fjor. Dette er også 0,02- og 0,01 %-einingar lågare enn prognosa. Talet for gjennomsnittleg proteinprosent for året er for 2017 og 2018 vektta mot månadsleveransen, men har ikkje ført til endringar i forhold til tidlegare prognoser. For tidlegare år er dette fortsatt aritmetisk middel, slik det har vore i føregående prognoser. For desember er proteinprosenten berekna til 3,40 %. Vi



forventar ein reduksjon på 0,6 % i 2017 samanlikna med 2016. Dette er eit estimat og gir eit gjennomsnitt for 2017 på 3.40 %. For 2018 er det forutsett ein auke i proteinprosenten på 0,5 %.

Forventa høgare forbruk av kraftfôr kan verke positivt for proteinprosenten.



## Utvikling i kotal (mjølkekyr og ammekyr)

	1 000 stk per 1. januar						Endring frå foregåande år				
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2013	2014	2015	2016	2017
Mjølkekyr	237.6	238.8	229.6	228.3	227.2	221.2	0.5 %	-3.9 %	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %
Ammekyr	65.6	67.5	68.8	71.9	75.5	83.0	2.9 %	1.9 %	4.5 %	5.0 %	9.9 %
Kyr totalt	303.2	306.3	298.4	300.2	302.7	304.2	1.0 %	-2.6 %	0.6 %	0.8 %	0.5 %

Kilde Landbruksdirektoratet, Statistikk frå søknad om produksjonstillegg

Tal frå Landbruksdirektoratet viser ein nedgang i tal mjølkekyr per 1.januar 2017 på om lag 6 000 dyr frå året før, ein nedgang på 2,6 %. Tal ammekyr har auka med 7 500 dyr, ein auke på 9,9 %.

## Kalvinger (mjølkekyr), faktisk og prognose

	1 000 stk per 1. januar						Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	17 019	17 850	17 495	17 941	18 226	17 706	4,9 %	-2,0 %	2,5 %	1,6 %	-2,9 %
Febr	15 552	15 195	15 379	15 527	15 676	15 520	-2,3 %	1,2 %	1,0 %	1,0 %	-1,0 %
Mars	16 214	15 090	14 903	15 208	15 078	15 033	-6,9 %	-1,2 %	2,0 %	-0,9 %	-0,3 %
Apr	14 065	13 699	13 081	13 420	13 271	13 004	-2,6 %	-4,5 %	2,6 %	-1,1 %	-2,0 %
Mai	14 007	13 437	13 226	12 986	12 942	12 733	-4,1 %	-1,6 %	-1,8 %	-0,3 %	-1,6 %
Jun	13 415	13 162	13 539	13 263	13 041	12 770	-1,9 %	2,9 %	-2,0 %	-1,7 %	-2,1 %
Jul	17 829	17 213	17 965	17 738	17 396	16 662	-3,5 %	4,4 %	-1,3 %	-1,9 %	-4,2 %
Aug	22 886	21 945	22 360	22 295	22 115	21 584	-4,1 %	1,9 %	-0,3 %	-0,8 %	-2,4 %
Sept	29 992	29 512	29 680	29 495	29 104	28 639	-1,6 %	0,6 %	-0,6 %	-1,3 %	-1,6 %
Okt	26 660	26 614	26 690	26 286	26 261	25 877	-0,2 %	0,3 %	-1,5 %	-0,1 %	-1,5 %
Nov	20 454	20 596	20 709	20 911	20 545	20 316	0,7 %	0,5 %	1,0 %	-1,7 %	-1,1 %
Des	19 567	20 036	20 110	19 795	20 110	19 963	2,4 %	0,4 %	-1,6 %	1,6 %	-0,7 %
<b>Sum</b>	<b>227 660</b>	<b>224 349</b>	<b>225 137</b>	<b>224 865</b>	<b>223 765</b>	<b>219 808</b>	<b>-1,5 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>-0,1 %</b>	<b>-0,5 %</b>	<b>-1,8 %</b>
1. kv	48 785	48 135	47 777	48 676	48 980	48 259	-1,3 %	-0,7 %	1,9 %	0,6 %	-1,5 %
2. kv	41 487	40 298	39 846	39 669	39 255	38 507	-2,9 %	-1,1 %	-0,4 %	-1,0 %	-1,9 %
3. kv	70 707	68 670	70 005	69 528	68 615	66 886	-2,9 %	1,9 %	-0,7 %	-1,3 %	-2,5 %
4. kv	66 681	67 246	67 509	66 992	66 916	66 156	0,8 %	0,4 %	-0,8 %	-0,1 %	-1,1 %

Prognosa for delar av 2017 byggjer på opplysningar om insemineringsdata for 2016. På grunn av auka slakting i 2016 og redusert dyretal per 1.januar 2017 forventar vi ein nedgangen i tal kalvingar i 2017 på 0,5 % og ytterlegare 1,8 % i 2018.



## Kuslakting, faktisk og prognose

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring frå forrige år				
							2014	2015	2016	2017	2018
Jan	10 412	10 554	10 545	9 497	9 718	7 424	1,4 %	-0,1 %	-9,9 %	2,3 %	-23,6 %
Febr	8 394	7 736	6 696	7 356	6 451	4 422	-7,8 %	-13,4 %	9,9 %	-12,3 %	-31,5 %
Mars	6 796	7 153	6 810	6 151	6 800	8 064	5,3 %	-4,8 %	-9,7 %	10,6 %	18,6 %
Apr	7 430	4 947	5 969	6 572	4 567	6 176	-33,4 %	20,7 %	10,1 %	-30,5 %	35,2 %
Mai	6 990	5 440	5 849	6 449	7 128	5 585	-22,2 %	7,5 %	10,3 %	10,5 %	-21,6 %
Jun	7 655	6 007	6 567	6 598	7 585	6 233	-21,5 %	9,3 %	0,5 %	15,0 %	-17,8 %
Jul	5 321	4 144	4 236	4 344	5 374	5 267	-22,1 %	2,2 %	2,5 %	23,7 %	-2,0 %
Aug	10 371	9 635	10 080	10 474	7 583	7 331	-7,1 %	4,6 %	3,9 %	-27,6 %	-3,3 %
Sept	11 386	9 792	10 066	9 583	7 572	7 521	-14,0 %	2,8 %	-4,8 %	-21,0 %	-0,7 %
Okt	12 167	9 632	9 851	10 305	11 554	11 423	-20,8 %	2,3 %	4,6 %	12,1 %	-1,1 %
Nov	8 347	6 868	7 817	8 047	7 520	7 170	-17,7 %	13,8 %	2,9 %	-6,5 %	-4,7 %
Des	5 447	4 640	4 912	4 779	5 344	5 237	-14,8 %	5,9 %	-2,7 %	11,8 %	-2,0 %
<b>Sum</b>	<b>100 716</b>	<b>86 548</b>	<b>89 398</b>	<b>90 155</b>	<b>87 196</b>	<b>81 852</b>	<b>-14,1 %</b>	<b>3,3 %</b>	<b>0,8 %</b>	<b>-3,3 %</b>	<b>-6,1 %</b>
1. kv	25 602	25 443	24 051	23 004	22 969	19 910	-0,6 %	-5,5 %	-4,4 %	-0,2 %	-13,3 %
2. kv	22 075	16 394	18 385	19 619	19 280	17 994	-25,7 %	12,1 %	6,7 %	-1,7 %	-6,7 %
3. kv	27 078	23 571	24 382	24 401	20 529	20 118	-13,0 %	3,4 %	0,1 %	-15,9 %	-2,0 %
4. kv	25 961	21 140	22 580	23 131	24 418	23 829	-18,6 %	6,8 %	2,4 %	5,6 %	-2,4 %

Slaktedata for mjølkekyr er frå kukontrollen og statistikkar som blir lagt fram månadsvis. Prognosetal er utrekna på grunnlag av forventa slakta kyr basert på førre år og med basis i endring i telledatoar. På grunn av denne omlegging av søknadsfristar for produksjonstillegg til 1.mai og 1.oktober (2017) er fordelinga av slakt endra til mindre slakting i april og august/september og noko meir slakting i mai og oktober enn i 2016. Tal slakt for september og oktober vart noko lågare enn prognosa og leveransen vart dermed litt høgare enn berekna.

I 2017 er det prognosert ein reduksjon i slaktinga samanlikna med 2016 på grunn av lågare dyretal ved starten av året. Tilpassing til redusert forholdstal og forventa reduksjon i leveransen som følge av høgare overproduksjonsavgift vil truleg skje gjennom redusert dyretal, men også avdråtten har gått ned som følgje av dårlegare fôrår. Høgare prisar på kjøtt forventar vi også vil føre til ein auke i talet på ammekyr.

På grunn av omlegging av søknadsfrist for produksjonstillegg frå 1.januar til 1. mars 2018 er det lagt opp til mindre slakting i januar og februar, og meir i mars.

## Mjølkekyr, faktisk og prognose

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	238 800	229 650	228 300	227 200	221 182	218 368	-3,8 %	-0,6 %	-0,5 %	-2,6 %	-1,3 %
Febr	235 588	226 522	225 216	225 196	219 541	217 915	-3,8 %	-0,6 %	0,0 %	-2,5 %	-0,7 %
Mars	234 308	225 442	225 651	224 937	220 300	219 541	-3,8 %	0,1 %	-0,3 %	-2,1 %	-0,3 %
Apr	234 361	224 781	225 311	225 322	220 224	218 183	-4,1 %	0,2 %	0,0 %	-2,3 %	-0,9 %
Mai	231 822	224 286	224 345	223 517	220 632	216 898	-3,3 %	0,0 %	-0,4 %	-1,3 %	-1,7 %
Jun	229 496	222 898	223 044	221 205	216 811	214 561	-2,9 %	0,1 %	-0,8 %	-2,0 %	-1,0 %
Jul	226 650	221 132	220 927	218 967	212 756	211 777	-2,4 %	-0,1 %	-0,9 %	-2,8 %	-0,5 %
Aug	228 800	223 750	224 100	221 540	213 262	212 129	-2,2 %	0,2 %	-1,1 %	-3,7 %	-0,5 %
Sept	227 764	222 410	222 678	219 310	214 173	213 080	-2,4 %	0,1 %	-1,5 %	-2,3 %	-0,5 %
Okt	228 464	223 849	224 028	220 904	218 000	216 771	-2,0 %	0,1 %	-1,4 %	-1,3 %	-0,6 %
Nov	227 173	224 484	224 368	220 230	216 121	214 877	-1,2 %	-0,1 %	-1,8 %	-1,9 %	-0,6 %
Des	227 281	225 285	224 367	219 852	216 079	215 098	-0,9 %	-0,4 %	-2,0 %	-1,7 %	-0,5 %
<b>Gj.snitt</b>	<b>230 876</b>	<b>224 541</b>	<b>224 361</b>	<b>222 348</b>	<b>217 423</b>	<b>215 767</b>	<b>-2,7 %</b>	<b>-0,1 %</b>	<b>-0,9 %</b>	<b>-2,2 %</b>	<b>-0,8 %</b>
1. kv	236 232	227 205	226 389	225 778	220 341	218 608	-3,8 %	-0,4 %	-0,3 %	-2,4 %	-0,8 %
2. kv	231 893	223 988	224 233	223 348	219 222	216 547	-3,4 %	0,1 %	-0,4 %	-1,8 %	-1,2 %
3. kv	227 738	222 430	222 568	219 939	213 397	212 329	-2,3 %	0,1 %	-1,2 %	-3,0 %	-0,5 %
4. kv	227 639	224 540	224 254	220 329	216 733	215 582	-1,4 %	-0,1 %	-1,8 %	-1,6 %	-0,5 %


Siste endelege tala etter telledato var 1.mai 2017, medan per 1.oktober ikkje er offentleggjort. Dei endelege tala per 1.mai viser ca. 1000 dyr for lite i prognosa. Tabellen viser talet på mjølkekyr ved inngangen til kvar måned. Vi forventar ein reduksjon i 2017 på 2,2 % i forhold til i 2016, ein differanse på 4925 kyr. Ein tilsvarande reduksjon er venta i tal mjølkande kyr på 2,3 % (4 019 kyr). I 2018 er det berekna ein reduksjon i gjennomsnittleg tal mjølkande kyr på 1123 eller 0,6 %.

## Mjølkande kyr

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring frå forrige år				
							2014	2015	2016	2017	2018
Jan	191 787	185 668	184 678	183 770	177 813	176 027	-3,2 %	-0,5 %	-0,5 %	-3,2 %	-1,0 %
Febr	192 180	184 447	184 597	184 363	179 653	178 680	-4,0 %	0,1 %	-0,1 %	-2,6 %	-0,5 %
Mars	192 309	184 275	185 976	186 070	181 628	180 469	-4,2 %	0,9 %	0,1 %	-2,4 %	-0,6 %
Apr	191 989	185 665	186 596	187 141	183 815	181 406	-3,3 %	0,5 %	0,3 %	-1,8 %	-1,3 %
Mai	190 733	185 638	185 287	185 264	182 234	179 739	-2,7 %	-0,2 %	0,0 %	-1,6 %	-1,4 %
Jun	187 695	180 213	179 847	178 161	173 887	172 568	-4,0 %	-0,2 %	-0,9 %	-2,4 %	-0,8 %
Jul	177 156	171 851	171 756	168 740	163 213	162 405	-3,0 %	-0,1 %	-1,8 %	-3,3 %	-0,5 %
Aug	170 255	166 877	166 607	163 195	158 224	157 400	-2,0 %	-0,2 %	-2,0 %	-3,0 %	-0,5 %
Sept	175 723	169 220	168 674	165 312	162 308	161 435	-3,7 %	-0,3 %	-2,0 %	-1,8 %	-0,5 %
Okt	181 867	175 538	174 832	171 212	168 483	167 877	-3,5 %	-0,4 %	-2,1 %	-1,6 %	-0,4 %
Nov	183 931	179 955	178 496	174 437	171 313	171 034	-2,2 %	-0,8 %	-2,3 %	-1,8 %	-0,2 %
Des	185 139	183 389	181 581	176 453	173 323	173 378	-0,9 %	-1,0 %	-2,8 %	-1,8 %	0,0 %
<b>Gj.snitt</b>	<b>185 064</b>	<b>179 395</b>	<b>179 077</b>	<b>177 010</b>	<b>172 991</b>	<b>171 868</b>	<b>-3,1 %</b>	<b>-0,2 %</b>	<b>-1,2 %</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>-0,6 %</b>
1. kv	192 092	184 797	185 084	184 734	179 698	178 392	-3,8 %	0,2 %	-0,2 %	-2,7 %	-0,7 %
2. kv	190 139	183 839	183 910	183 522	179 979	177 904	-3,3 %	0,0 %	-0,2 %	-1,9 %	-1,2 %
3. kv	174 378	169 316	169 013	165 749	161 248	160 413	-2,9 %	-0,2 %	-1,9 %	-2,7 %	-0,5 %
4. kv	183 646	179 627	178 303	174 034	171 040	170 763	-2,2 %	-0,7 %	-2,4 %	-1,7 %	-0,2 %



I modellen vert populasjonen av mjølkekyr fordelt på alders- og laktasjonsgrupper etter den prosentvise fordelinga i Kukontrollen.



## Avdråttutvikling

Gjennomsnittleg dagsavdrått i kukontrollen (kg mjølk per ku og dag)

							Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	25,43	25,68	26,07	26,26	26,53	26,53	1,0 %	1,5 %	0,7 %	1,0 %	0,0 %
Febr	25,48	25,60	26,25	26,38	26,67	26,67	0,5 %	2,5 %	0,5 %	1,1 %	0,0 %
Mars	25,33	25,50	26,03	26,16	26,42	26,42	0,7 %	2,1 %	0,5 %	1,0 %	0,0 %
Apr	25,11	25,30	25,76	25,95	26,09	26,09	0,8 %	1,8 %	0,7 %	0,5 %	0,0 %
Mai	24,98	25,14	25,44	25,72	25,90	25,98	0,6 %	1,2 %	1,1 %	0,7 %	0,3 %
Jun	24,88	24,87	25,24	25,48	25,63	25,71	0,0 %	1,5 %	1,0 %	0,6 %	0,3 %
Jul	24,45	24,54	24,95	25,10	25,22	25,35	0,4 %	1,7 %	0,6 %	0,5 %	0,5 %
Aug	24,13	24,22	24,55	24,75	24,76	24,88	0,4 %	1,4 %	0,8 %	0,0 %	0,5 %
Sept	24,07	24,12	24,60	24,75	24,57	24,69	0,2 %	2,0 %	0,6 %	-0,7 %	0,5 %
Okt	24,20	24,46	24,90	25,00	24,84	24,96	1,1 %	1,8 %	0,4 %	-0,6 %	0,5 %
Nov	24,78	25,22	25,57	25,61	25,59	25,74	1,8 %	1,4 %	0,2 %	-0,1 %	0,6 %
Des	25,29	25,76	26,12	26,21	26,21	26,34	1,9 %	1,4 %	0,3 %	0,0 %	0,5 %
Gj.snitt	24,84	25,03	25,46	25,61	25,70	25,78	0,8 %	1,7 %	0,6 %	0,3 %	0,3 %
1. kv	25,41	25,59	26,12	26,27	26,54	26,54	0,7 %	2,0 %	0,6 %	1,0 %	0,0 %
2. kv	24,99	25,10	25,48	25,72	25,87	25,92	0,5 %	1,5 %	0,9 %	0,6 %	0,2 %
3. kv	24,22	24,29	24,70	24,87	24,85	24,97	0,3 %	1,7 %	0,7 %	-0,1 %	0,5 %
4. kv	24,76	25,15	25,53	25,61	25,55	25,68	1,6 %	1,5 %	0,3 %	-0,2 %	0,5 %

Grovfôravlingane i 2017 har variert mykje, og spesielt i Vestland fylke har utfordringane med avlingane vore store, med mykje vått- og kassert fôr. Kvaliteten er relativt låg med omsyn på energiverdien i disse områda, medan fôranalysane for resten av landet viser bra innhald av energiverdi. Siste tal frå kukontrollen viser at avdråttutviklinga har gått noko ned i haust samanlikna med hausten 2016. Det er forutsett at avdrått blir liggande på same nivå for desember og byrjinga av 2018 med høgare kraftfôrforbruk enn i fjor. Avdrått hittil i år viser ein auke på over 0,3 %. For 2018 er det forventa same avdrått som året før, ein auke på 0,3 % for mai og juni og 0,5 % frå sommaren 2018. Dette vil gi ein auke på 0,3 % i gjennomsnitt for 2018.

